

# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 5 — August 1978  
11. årgang



—Den som er i meg, og eg i han,  
han ber mykje frukt (Joh.15,5)

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 240061.

Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Ingar Fykse, Harald Haugs-  
vær, Magne Songstad, Bjørg Hellesøy.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna,  
tlf.: 241447.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

**Prestekontoret Indre Arna:** Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10–11.30.  
Torsdag kl. 17.30–19.00.

**Prestekontoret Ytre Arna:** Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Torsdag kl. 18.00–19.00.  
Onsdag kl. 10.00–11.00.

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollav. 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Magne Songstad, Høgatun 16A, Indre Arna.

Tlf. 240342. Treffes etter avtale.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna. Tlf. 240965.

Kan treffast på tlf.: 240965 tysdag og torsdag kl. 17.00-18.00 og onsdag  
og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 241155.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna,  
tlf. 24 05 69, kontortid mand.-fred. kl. 12.00–13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland  
tlf.: 240117.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 10, Ytre Arna,  
tlf. 24 13 10.

# Livet er meir enn maten

*Matt. 6,25–26:*

Difor seier eg dykk: Ver ikkje sutfulle for livet dykkar, kva de skal eta og kva de skal drikkja, eller for kroppen dykkar, kva de skal kle dykk med. Er ikkje livet meir enn maten, og kroppen meir enn kleda?

Sjå på fuglane under himmelen: Dei sår ikkje, dei haustar ikkje, dei samlar ikkje i hus, men Far dykkar i himmelen gjev dei mat likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei?

Desse orda er henta frå Bergpreika, ein tale som Jesus heldt for jødane for snart 2000 år sidan. Sjølv om dette ersagt til eit folk langt unna, og for svært langt tilbake, har desse orda noko å seie til oss moderne, opplyste og velutvikla menneske anno 1978.

Vi har lett for å gjere oss sut. Jesus nemner mat og drikkje, helse og klede som døme på sentrale områder som vi er svært opptekne av. Jesus meiner ikkje at alt arbeid som vert gjort for å lage mat og klede er uvesentleg og bør innstillast. Derimot vil han ha sagt at eit liv der ein berre er oppteken av desse tinga, er eit tomt liv, eit ufullstendig liv, ja, der er noko vesentleg som manglar.

Seinare i Bergpreika (6,33) talar Jesus om at vi skal først søke Guds rike og hans rettferd, og så skal vi få alt det andre i tillegg. Her er vi inne

ved kjernen. Gud har noko å gi. Livet med Han er så vesentleg at dersom denne kontakten er borte, ja, så er livet berre halvt å rekna.


Dersom ein vil vere konsekvent og «firkanta», kan ein kanskje få inntrykk av at Jesus meiner at ein ikkje skal tenke meir på alt som har med mat og klede å gjera. Fuglane, seier Han, får alt dei treng til, utan å planlegge og «samle i hus». Ein slik «la alt skure»-tanke er ingen bibelsk tanke. Gud er ein ordens Gud (Kol. 2,5 og 1. Pet. 2,13). Gud ser det som rett og godt at ein skjøttar alle praktiske gjeremål. Samfunnslivet skal fungere, og viskal ordne oss slik at vi har det vi treng til. Vi har fått evner og anlegg til det, og det må vi nytte. Å late alt skure, og rekne som så at Gud ordnar alt på «underfull» vis, nermast slik at mat og klede berre «dukkar opp» når vi treng det, det er ikkje tekstordet vårt si meining. Gud vil at vi skal arbeide. Den som ikkje det gjer, skal heller ikkje ete, heiter det i 2. Tess. 3,10.

Det som Gud har imot, er når vi menneske blir så oppteken av vårt praktiske strev, at vi ikkje har rom for noko anna. Då har vi gløymt det sentrale. Joh. 6,27: Arbeid ikkje for den føda som tek ende, men for den som varer og gjev evig liv.

K. H. N.

Borgstova «restaurert»

# Nytt prestekontor i Indre Arna



Res. kap. Ingvar Fykse på prestekontoret i Borgstova.

Soknepresten i Arna har fått nytt kontor. Borgstova, den kvitmalte trebygningen like aust for kyrkja, er no ferdig oppussa og er vorten reint ein fryd for auge. Veggene er kledd med naturpanel og på golva er det tepper.

Diakonklokkaren har og kontor i Borgstova. Det same vil og den nye kateketen, som tek til i stillinga i haust, få. Det er også innreiå eit konferanserom, der mellom anna soknerådet vil samlast til sine møte.

Forværelse for kontordame er det og. Fru Tvedt er fast tilsett som kontordame nokre timar i veka.

Flyttinga frå det tidlegare prestekontoret i den gamle prestebustaden skjedde 19. juli. Kva som vil skje med denne gamle prestebustaden er enno uvisst. Soknerådet er interessert i å nytta huset for kyrkjelege formål også i framtida. Det er sendt brev om dette til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, men noko svar er enno ikkje kome.

## Israel-turen



Som tidlegare omtalt vert det kyrkjelydstur til Israel i haust. Turen startar frå Flesland laurdag 14. oktober og varer 14 dagar. Prisen vert kring 3.700 kr. Ein del har alt meldt seg på til Israelturen. Det er no viktig at alle dei som vil vera med på kyrkjelydsturen melder frå til soknerådformannen i Indre Arna, Olav K. Hesjedal. Han kan treffast på telefon 24 01 17 heime, eller tlf. 23 26 52 i arbeidstida.

Deltakarane på turen vil få vitja alle dei bibelske stadane, og so og seia fylgje i Jesu fotefar alt fra julens hendingar i Betlehem, oppveksten i Nasaret, verksemda i byane kring Genesaretsjøen i Galilea og til påskens hendingar i Jerusalem. I Jerusalem vil vi vandra den ruten Jesus gjekk frå Getsemane-hagen til Pilatus' borg, og vidare på lidingsvegen, Via Dolorosa, til Golgata og grava.

Det vert og utflukter, mellom anna til Daudehavet. Eit bad her er ei merkeleg oppleving.

Jerusalem er ein interessant by på mange måtar. Ein kan stå på Oljeberget og sjå utover den gamle bydel med tempelplassen, der ein muhammedansk moské står i dag. Og ein kan gå på handletur i dei trange basargatene og pruta av hjartans lyst.

Turen er lagt opp slik at deltakarane også får eit levande inntrykk av det moderne Israel, av staten som i år fyller 30 år.

## ARNA- NYTT

Ragnhild Rein er tilsett som styrar ved Arna Helseheim. Ho tek til i stillinga i ferien. Ragnhild Rein har vore misjonær i India for Santalmisjonen.

+

Målfrid Sandvik frå Fitjar tek til som kateket i Arna. Ho tek til i stillinga i haust. Arna var ein av dei 5 kyrkjelydane i heile landet som fekk oppretta kateketstilling over statsbudsjettet frå inneverande år.

+

Ombygginga av gamleheimen i Ytre Arna til kyrkjelydshus er no på det næraste ferdig. Det vert innviing av kyrkjelydshuset i haust. Fleire foreiningar vil ha sine møte her og det vil no verta lettare å ha kyrkjekaffe i Ytre Arna.

+

Etter gudstenesta søndag 27. august vert det soknemøte i Arna kyrkje. Det vert då avrøysting for eller imot ei bokmåls-gudsteneste for månaden i Arna kyrkje.

# Bjørg frå Arna misjonær i Kenya

— Vidunderligst av alt på jord er Jesu Kristi rike, dets herlighet er og så stor at det er ingen like.

Denne mektige Grundtvig-salmen kom for meg då eg i sumar var på vitjing hjå misjonær Bjørg Mæstad i Voi i Kenya. Bjørg er frå Tungeland på Haukeland og er utsending for Misjonssambandet.

Vi hadde køyrt fire mil frå misjonsstasjonen i Voi til ein pikeskule, der Bjørg skulle tale på eit møte i det kristne skulelaget. Møtelyden song utruleg vakkert, og ordet om synd og om nåde vart sådd ut. Gå ut i all verda og gjer alle folkeslag til mine læresveinar. Dette var det siste Jesus sa mens han var her på jord. Og måten det skal skje på er ved forkyninga av Guds ord. Ordet vart sådd ut blant folkeslaga. Og det er alltid evangeliet og vort lag til Guds rike. Eit underfullt syn skal det verta



Bjørg Mæstad saman med kenyanske ungdomar.

då dei frelste frå alle folk og ætter vandrar inn i himmelen på oppstandelsens morgen. Men i mellomtida skal ordet såast ut. Og til sãmansarbeidet i Voi-distriktet i Kenya har Gud kalla ei ung kvinne frå vår eigen kyrkjelyd.

Det er eit allsidig arbeid dei norke misjonærane ved Scripture Mission i Voi driv. Bjørg har kristendomsundervisning i ein skule. Det vart satsa mykje på spreieing av biblar, kristen litteratur og traktatar. Kristen ungdom i Noreg har samla inn pengar til ein filmbil som vort nytta i Voi.

Interessen for film er enorm i Kenya og det er nesten ingen grense for kor mykje folk det kan samlast på denne måten.

Søndagen er den travlaste dagen for misjonærane. Då skal dei ofte preike på fleire møte. Engelsk vort oftast nytta, men iblant må dei til på nasjonalspråket swahili.

Bjørg får i haust syster si, Ashild Mæstad, med seg i arbeidet i Voi. Ashild har tidlegare vore misjonær i Etiopia. Og vi i Arna kyrkjelyd kan få vera med i misjonens store sak i forbøn og offer.

Audun Stølds

## Teltmøter i Arna



Indremisjonen planlegger stor teltmøtekampanje i Arna i slutten av august, 19/8 – 3/9. Det forberedende arbeid har pågått siden i vinter i de forskjellige komiteer. Formann i Hovedkomiteen er besatt av form. i Indremisjonen, Per Eide.

Forbundsteltet rommer 900 mennesker, og Arna ligger sentralt til så det ventes stor deltagelse også fra bygdene omkring.

Talere blir de kjente sang- evangelistene Marit Stokken, Irene Krokeide og teltmester Nils Trefall. Ellers vil mange andre gode sangkrefter delta.

## Kva skal stå i Kyrkjelydsbladet?

Redaksjonen i kyrkjelydsbladet vil oppmoda lesarane til å koma med tips om ting vi bør ta opp i bladet. Er det spesielle menneske du vil vi skal intervju eller bestemte ting vil skal ta opp, så ring eller skriv til redaktøren. Har du spørsmål om kyrkjelege ting så skriv til kyrkjelydsbladet så skal vi prøva å få istand ei spørjespalte. Adressen finn du på side 2.

Red.

## Hieronymus

Hieronymus har i den seinare tid gått sterkt på for å få sleppa til i Kyrkjebladet. Omsider har vi under sterk tvil gjeve etter, og vil no få presentera han. Hieronymus er godmodig og blid, og han har ein vel utvikla sans for å sjå komiske ting i heilt daglegdagse situasjonar. På den måten kan han nok vera morosam i blant, men han kan og verka plagsom når han finn våre mest seriøse bestrevelser komiske.

+ Hieronymus går ikkje så ofte på bedehuset. Men han vil gjerne fylgje med i kva som skjer der og les difor alltid plakatan. Han var godt nøgd då han fann denne plakaten: — På festenb vort det talar av prestane Madland og Barkve. Ellers godt program.

+

Ein gong skulle ei songerinne vera med på gudstenesta i kyrkja og Hieronymus gjekk for å høyra henne. Etter gudstenesta fekk vi dette referatet:

Songerinna var berre oppsett med eit par songar før preika. Presten må etterkvarnt ha kome til at ho kanskje også burde få sleppa til ein gong til. Då han etter preika stod ved alteret ropa han bak til organisten: Er frøken Larsen gått? Ja, ropa organisten attende. La oss takka og beda, sa presten og vende seg mot alteret.

+

Hieronymus finn mykje godt stoff i avisene. Ein gong fann han ein retting i ei avis. — For å unngå seinare mistydingar vil vi gjera merksam på at Asbjørn Kvalbein ikkje er Leiv Kåre Aambø og omvendt.

# Kontorsjef med saltvatn i årene

Josef Nesse frå Haukeland til sjømannskyrkja i Gøteborg

Josef Nesse bur i Hagevegen på Haukeland og han er kontorsjef hjå biskopen i Bjørgvin. Han har no forlate kontorkrakken for ei tid, for å vera assistent ved sjømannskyrkja i Gøteborg. Kyrkjelydsbladet hadde ein prat med Josef, kona Anny og dei tre borna Rune på 7 år, Oddfrid 12 1/2 år og Aina 14 før dei reiste til Gøteborg.

Josef Nesse er ikkje ukjend med sjølivet. I fleire år var han fiske-skippar og dreiv fiske både på norskekysten, og ved Island, Shetland og Færøyane. — Eg trur eg veit litt om kva sjøfolk har å stri med, seier han. På bispekontoret har me hatt ein del å gjera med Sjømannsmisjonen. Bjørgvinbiskopen er jo tilsynsmann for denne organisasjonen. Eg ser difor denne tida i Gøteborg som eit fint høve til å verta nærare kjend



Anny, Rune, Aina, Josef og Oddfrid fotografert på Haukeland før dei drog til Gøteborg.

med det arbeid som sjømannskyrkjene driv. Fru Anny Nesse legg ikkje skjul på at ho ser med spaning fram til opphaldet i Gøteborg. Mest spanande vet det kanskje for Rune som skal til med sitt fyrste skuleår, og det i svensk skule. Oddfrid og Aina er dugande friidrottsjenter, og har ved fleire høve representert idrottslaget Fri på stemner. Fotball spelar dei og. Dei ville finna seg eit idrottslag i Gøteborg som dei kan trenna med under opphaldet der. Dei to jentene er og flinke på

pianoet, og det kjem godt med på sjømannskyrkja.

— Sjømannsmisjonen driv eit utstrakt velferdsarbeid blant våre sjøfolk, seier Josef. Men dette velferdsarbeidet er likevel ikkje det viktigaste. Forkynninga av den glade budskapen på forskjellig vis er det Sjømannsmisjonen ser som sin største oppgåve.

Og Kyrkjelydsbladet vil ynskja Josef og familien lukka til og Guds signing over den gode tenesta i Gøteborg.

Bergenshallen 27. sept.-1. okt.

## Billy Graham-overføring



Forberedelsene til overføringen av Billy Grahams møtekampanje i Stockholm til Bergen er nå i full gang. Overføringen vil skje til Bergenshallen i dagene 27. september — 1. oktober i år.

Opplegget for overføringen til Bergenshallen blir stort sett som i 1970, da Billy Grahams aksjon «Euro TV '70» fra Dortmund i Vest-Tyskland ble overført til en rekke europeiske byer. Høstens kampanje har fått navnet «Skandia '78».

Lokale krefter fra Bergen village rammen om møtene, med sang og innledning, hvoretter Billy Grahams tale overføres i lyd og bilde til en stor skjerm. Graham vil, som sist, invitere tilhørerne som ønsker forbønn til å gi seg til kjenne, og disse vil bli hjulpet av lokale veiledere.

Det satses mye på veiledertjeneste under kampanjen, og dernest på etterarbeide når aksjonen er over. I Bergen blir det i tiden fremover arrangert spesielle møter for veiledere fra ulike kristne forsamlinger, slik at de skal stå rustet til å møte mennesker som søker forbønn under kampanjen. Tilsvarende opplegg arrangeres også i de andre byene der kampanjen skal overføres.

## HANS VERK

For vi er hans verk, skapte i Jesus Kristus til gode gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige, så vi skulle ferdast i dei. (Ef. 2,10).

## VED HAN

Alt vart til ved han, utan han vart ikkje noko til av alt som har vorte til. (Joh. 1,3).

## GUD ELSKA VERDA

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einaste, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. (Joh. 3,16).

## Guds kraft til frelse

For eg skjemst ikkje ved evangeliet. Det er ei Guds kraft som gjev frelse til kvar den som trur, jøde fyrst og så grekar. (Rom. 1,16).

## I Kristus

Så er det då inga for-døming for dei som er i Kristus Jesus. (Rom. 8,1).

# Familieside



## ARNA SOKN

### Døpte:

- 8/4 Vidar Holdhus, Frøydis Trengereid Skulstad.  
9/4 Tommy Hjellum.  
15/4 Roy Harald Klaussen, Camilla Djonne,  
Ingelin Haugen Bysheim.  
16/4 Øyvind Gravdal, Morten Husebø Solberg, Ingvild Sørlid.  
29/4 Arild Nåmdal, Bent Ove Karlsen,  
Gunnar Reksten Husebø, Anders Rosvold, Paul Cato Juvik.  
7/5 Lars Håkon Torma, Jan Atle Rettenbergen.  
13/5 Renate Grimstad, Stian Søgnesand, Kjartan Gundersen.  
14/5 Silje Hjertås, Cato Ormehaug, Helge Andre Hekland,  
Øyvind Valdemarsen.  
20/5 Siri Ann Myhren og Bjørn Thomas Myhren,  
Silje Helen Lunde.  
21/5 Hege Thorsen.  
27/5 Lene Jensen.  
28/5 Anette Løno.  
4/6 Solveig Vevle Borge.  
11/6 Siren Mjeldheim, Børge Skaftå.  
17/6 Elisabeth Langeland, Trond Skår og Jarle Skår,  
Andre Heggertveit, Trond Hisdal, Remy Andre Nesse,  
Kay Roger Elvheim.  
18/6 Lene Merethe Hansen.  
23/6 John-Kenneth Lavik.  
24/6 Lasse Alan Mc Clements, Ørjan Vie.  
25/6 May-Linn Lone.  
2/7 Mona Vedå, Jane Anita Unneland,  
Silje Karin Ragnhildstveit, Per Erik Prestegård.  
15/7 Elise Avsnes Sæle, Karoline Slåen, Eivind Holtan.  
16/7 Marit Jenssen.  
30/7 Arne Helge Tufteland.

### Vigde:

- 8/4 Jan Erik Halstensen og Kari Berit Øijord.  
15/4 Terje Langhelle og Kari Margrethe Hope,  
Allan Johnny Fonnes og Bente Sissel Henriksen.  
29/4 Arne Iver Folland og Ingvild Næss.  
13/5 Alf Reidar Berland og Nina Kjørlaug.  
19/5 Dag Stien og Klara Tone Hesjedal.  
20/5 Tore Lohne og Mette Helen Vatnelid.

# Familieside



- 27/5 Malvin Kvalvåg og Renee Pedersen.  
17/6 Hans Rune Solberg og Karen Johanne Grøtten,  
Arne Vik og Jenny Marie Bruvik.  
24/6 Steinar Frølland og Grethe Bjørg Vatle,  
Birger Hauge og Gro Sunde,  
Geir Aksdal og Kersti Ringstad.  
8/7 Jan Helge Gulliksen Daapan og Signe Bergo Larsen,  
Bjørn Johnny Vågenes og Heidi Høyvik.  
15/7 Roy Åge Thunestvedt og Tove Olsen.  
22/7 Lasse Seim og Elin Songstad Karlsen.

### Avlidne:

- 1/4 Torleif Nikolai Thomassen, f. 1931.  
14/4 Nils Garnes, f. 1889.  
23/4 Bergljot Iversen, f. 1893.  
25/4 Jacob Mikal Nielsen, f. 1918.  
12/5 Gurine Skjoldal, f. 1892.  
13/5 Anna J. Borge, f. 1881.  
14/5 Johannes August Haukeland, f. 1906.  
16/5 Magnus Romslo, f. 1908, Jenny Bruvik, f. 1932,  
Petra Brurarøy, f. 1902.  
28/5 Andreas Haldorsen, f. 1919.  
5/6 Jan Arnfinn Ekanger, f. 1948.  
3/7 Tomi Berg, f. 1978.  
9/7 Håkon F. Fure, f. 1918.  
12/7 Karen Oline Thunes, f. 1914.  
19/7 Peder Garnes, f. 1907.  
22/7 Anna Songstad, f. 1898.

## YTRE ARNA SOKN

### Døpte:

- 9/4 Geir Ove Fylkesnes.  
15/4 Knut Eivind Aadland (Arna).  
29/4 Ann Helen Vågen, Thomas Brandsdal (Arna),  
Trude Bratli (Arna).  
1/5 Heidi Hagelin.  
7/5 Børge Sagstad.  
14/5 Rune Hansen, Lene Noreng.  
28/5 Christian Evensen, Eva Kristin Johannesen.  
9/7 Raymond Bergesen.

# Familieside



15/7 Trygve Nævdal (Arna).  
29/7 Stian Angeltveit, Andre Faugstad, Silje Kristin Ellingsen

## Vigde:

8/4 Alf Hestenes og Karin Oddfrid Ekanger.  
15/4 Knut Vesetvik og Aud Else Eikerol  
29/4 Magnar Blindheim og Hilde Jorun Valestrand.  
10/6 Steinar Vik og Bente Henriksen.  
1/7 Morten Pedersen og Ingunn Kjersti Brandsdal.  
29/7 Kurt Fjellanger og Jorunn Marie Romslo.

## Avlidne:

5/4 Mons Johan Blindheim, f. 1901.  
20/4 Kaare Theodor Gløersen Johnsen, f. 1909, og  
Ingeborg Johnsen, f. 1913.  
3/5 Bertil Fonn, f. 1894.  
23/5 Bernhard K. Stavenes, f. 1926.  
3/7 Mikkel Reigstad, f. 1888.  
16/7 Ivar Reigstad, f. 1909.  
27/7 Johanna Vesetvik, f. 1913.

*Blomar til alle høve!*

Utplantingsplanter i rikt utval.

**TRYGVE GARNES,**

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.



## -De trenger en rådgiver i forsikring

— Assurandør Olav A. Hovden —  
Gir Dem bistand med et fornuftig og  
oversiktlig poliseopplegg.

Ring, stikk innom eller send noen ord.

## Storebrand-Idun

**FOR SIKKERHETS SKYLD**

Postboks 17 — 5260 Indre Arna  
Telefon 24 15 32 — Privat 28 08 11

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VAREALG A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET  LIVSFORSIKRINGSSKAPET  
**VESTA HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN, avd. Arna**

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

EPELAND  
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon,  
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

## EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes  
Transport med egen bil  
Annonser, sanger, sløyfer  
Monumenter besørages oppsatt

## EPELAND GARTNERI

Telefon 240809

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi



# Velkommen til kyrkje

## Preikeliste for Arna

20-08 Trengereid kapell kl. 11: v/res. kap. Fykse. Nattverd.  
27-08. Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Offer til I.K.O. Barnevakt.  
Kyrkjelydsmøte ang. ei gudsten. pr.mnd. på bokmål.  
Ytre Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse.  
03-09 Arna kl. 11: v/res.kap. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna kl. 11: v/spr. Tvedt. Nattverd.

## Menighetskurs for kvinner

Som meldt før sommeren vil vi gjerne sette i gang et nytt menighetskurs for frivillige, kvinnelige menighetsarbeidere.

Kurset tar til tirsdag 19. september kl. 18,30 i Domkirkens menighetshus, Kalfarvei 10. Det varer 12 kvelder — hver tirsdag — med tre timer a 40 min. hver kveld. Det blir timer i bibellære og bibelbruk, sjelesorg, troselære og forskjellige kirke- og menighetskunnskap.

Av lærere har vi sikret oss

sogneprest Arne Skeie (bibellære og bibelbruk), sogneprest Olav Fjose (sjelesorg) og sogneprest K. O. Mathiesen (troslære). Dessuten vil sogneprest Ragnar Gunnestad, cand.mag. Lucy Thuen og kateket, pastor Gunvor Haakonsen ha timer i forskjellige emner.

Kurset koster kr. 40,-. Innmelding sendes Jussi Pihl, Nøstegt. 42, 5000 BERGEN innen onsdag 13. september.

I Bjørgvin bispedømmerådskomite for friv. kvinn. menighetsarbeidere:

*Anna Dahl, Bjørg Kayser,  
Ruth Kvamme, Jussi Pihl.*

## Sunnhordland Folkehøgskule

5455 Halsnøy kloster  
Tlf. Sæbøvik 27

Nytt årskurs frå 29. august.  
Praktiske og teoretiske kurs.  
Stipend og lån frå Staten.  
Skuleplan fritt.  
Skriv eller ring!

**Sigurd Sandvik**